

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	04.06.2013	028/13	ASSO
Kvam heradsstyre	18.06.2013	039/13	ASSO

Avgjerd av:	Arkiv: N-, N-211	Arkivsaknr
Saksh.: Arild McClellan Steine	Objekt:	12/572 - 46

Framtidig organisering av barnehagane i Kvam

Samandrag:

Kvam heradsstyre vedtok i juni 2012 ein strategisk barnehageplan.

Kvam heradsstyre vedtok i samband med budsjettvedtaket for 2013 at rådmannen skal utgreie privatisering av barnehagar i Kvam.

Rådmannen sendt i mai 2013 på høyring eit notat som drøfta ulike val for organisering av barnehagetenesta i tråd med den strategiske barnehageplanen.

Det har kome 14 høyringsinnspel. I tillegg har tenesteutvalet gjeve ein uttale.

Alle innspela er vurdert i dette saksnotatet. Etter innspela har rådmannen gjort ei endring i forhold til det tilrådde alternativet i notatet. Den samlokaliserte barnehagen i Norheimsund vert no tilrådd lokalisert i området ved Norheimsund barnehage, ikkje ved Tolomarka barnehage.

I dette saksnotatet vert det lagt fram fleire kalkyler som synleggjer forskjellen mellom privat og kommunal barnehagedrift. Når det gjeld driftskostnadar så skal det ikkje vera vesentlege forskjellar mellom privat eller kommunal drift, etter at dei kommunale barnehagane har flytta inn i nye, moderne og større bygg og tilskotet vert trappa opp til 100 % av dei kommunale driftskostnadane frå 2014. Den vesentlege forskjellen mellom privat og kommunal drift ligg i bygningskostnadane. Etter dagens regelverk får private barnehagar eit kapitaltilskot på kr 7600 som skal dekkja finansieringsutgiftene med bygget. I saka vert det lagt fram reknestykke som viser at dette kan verta billegare enn ved kommunal drift. Kommunen kan likevel berre oppnå ei innsparing dersom dei «rette» barnehagane vert privatisert. Med det meiner rådmannen at Kvam herad må drifta barnehagar som klarer å halda driftskostnadane til heradet på eit nivå som er lågare enn dei nasjonale satsane.

Med tanke på dei endringar som føregår og kjem til å skje er det ikkje lett å visa eit eintydig svar på om privat eller kommunal drift er best. Det kjem ann på kva fordeling som er den mest hensiktsmessige reint økonomisk i framtida. Det som likevel er klart er at eit val om privatisering i dag, vanskeleg kan la seg reversera seinare dersom det skulle visa seg å vera eit mindre godt val. Fortset me med kommunale barnehagar vil det vera mogeleg å privatisera på ein seinare tidspunkt, når ein kjenner seg trygg på at det er ei betre totalløysing.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjødnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Norheimsund sentrum i området ved Norheimsund barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS

Endringa skal gjennomførast slik:

- Ny barnehage i Tørvikbygd skal takast i bruk aug 2014
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Nye Norheimsund barnehage skal stå ferdig innan august 2015. Tolomarka barnehage vert lagt ned frå same dato.
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurdera kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

04.06.2013 Kvam formannskap

Framlegg frå Høgre v/ordførar – rådmannen sitt alternative framlegg vert vedteke:

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjødnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS
- 1 barnehage i Norheimsund sentrum i området ved Norheimsund barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd

Endringa skal gjennomførast slik:

- Tørvikbygd barnehage vert lagt ned frå 1. august 2014. Trygge barnehagar overtek tilsette og barn frå 1. august 2014.

- Norheimsund og Tolomarka barnehagar vert lagt ned frå 1. august 2014. Trygge barnehagar overtek barn og tilsette i dei to barnehagane frå 1. august 2014 og kjøper eigedommen der Norheimsund barnehage driftar i dag.
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt, jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg fekk 8 røyster og vart tilrådd
Framlegget frå Høgre fekk 1røyst.

FSK-028/13 Tilråding frå formannskapet:

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjødnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Norheimsund sentrum i området ved Norheimsund barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS

Endringa skal gjennomførast slik:

- Ny barnehage i Tørvikbygd skal takast i bruk aug 2014
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Nye Norheimsund barnehage skal stå ferdig innan august 2015. Tolomarka barnehage vert lagt ned frå same dato.
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurderer kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

Saksordførar: Merethe Gauden, V

18.06.2013 Kvam heradsstyre

Framlegg frå Høgre v/Sølvi Berge:

Alternativt framlegg til vedtak sak

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjydnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS
- 1 barnehage i Norheimsund.
- 1 barnehage i Tørvikbygd

Endringa skal gjennomførast slik:

- Tørvikbygd barnehage vert lagt ned frå 1. august 2014. Trygge barnehagar overtek tilsette og barn frå 1. august 2014.
- Norheimsund og Tolomarka barnehagar vert lagt ned frå 1. august 2014. Trygge barnehagar overtek barn og tilsette i dei to barnehagane frå 1. august 2014 og kjøper eigedom der Trygge barnehagar finn det tenleg å driva i Norheimsund.
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt, jf. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jf. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurdere kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

Fellesframlegg: Sp, Krf , H, KTL, SV

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjydnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Norheimsund i området ved Tolomarka barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS

Endringa skal gjennomførast slik:

- Ny barnehage i Tørvikbygd skal takast i bruk aug 2014
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Nye Tolomarka barnehage skal stå ferdig innan august 2015. Norheimsund barnehage vert lagt ned frå same dato.
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurdere kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

Framlegg frå Frp v/Børgulv Hauger

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjødnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Norheimsund fordelt på to bygg i dagens Norheimsund barnehage med nødvendig utviding og ein avdeling i dagens Tolomarka barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS

Endringa skal gjennomførast slik:

- Ny barnehage i Tørvikbygd skal takast i bruk aug 2014
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt jf. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Nye Norheimsund barnehage skal stå ferdig innan august 2015. Det skal vera felles leing mellom Norheimsund barnehage og avdelinga i Tolomarka..
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jf. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurdere kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

Framlegg frå KTLv/Svein Rune Stakseng

Alle plassar der ordet «nedlagt» er brukt skal erstattast med samanslåing/samanslått.

Røysting:

1. Framlegget frå H v/Sølvi Berge fekk 4 røyster og fall mot 23 røyster
2. Tilrådinga frå formannskapet 6 røyster og fall mot 21 røyster
3. Fellesframlegget fekk 18 røyster og vart vedteke
Framlegget frå Frp fekk 9 røyster.
4. Framlegget frå KTL fekk 11 røyster og fall mot 16 røyster.

HST-039/13 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjydnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Norheimsund i området ved Tolomarka barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS

Endringa skal gjennomførast slik:

- Ny barnehage i Tørvikbygd skal takast i bruk aug 2014
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015.
Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt jf. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Nye Tolomarka barnehage skal stå ferdig innan august 2015. Norheimsund barnehage vert lagt ned frå same dato.
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jf. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurdera kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.dato	Tittel	
31.05.2013	Framtidas organisering av barnehagen i Kvam.pdf	
27.05.2013	Innspel til val for framtidias barnehage i Kvam	
27.05.2013	Høyringsfråsegn til Framtidas organisering av barnehagen i Kvam	
27.05.2013	Val for framtidias barnehage i Kvam	
27.05.2013	Svar på høyringa om val for framtidias barnehage i Kvam	
27.05.2013	Kommentarer til notatet Framtidas organisering av barnehagen i Kvam	
27.05.2013	Val for framtidias barnehage i Kvam	
27.05.2013	Organisering av barnehage	
27.05.2013	Høyringsuttale til val for framtidias barnehage i Kvam	
27.05.2013	Utdanningsforbundet Kvam sitt innspel til høyring om framtidias barnehage i Kvam	
28.05.2013	Høyringsuttale til barnehageplanen frå tenesteutvalet	
27.05.2013	Framtidig organisering av barnehagane i Kvam	
27.05.2013	Høyring om organisering av barnehagane i Kvam	
27.05.2013	Framtidig organisering av barnehagane i Kvam	
22.05.2013	Høyringssvar til barnehagesaka	
16.05.2013	VS: Høring- Framtidas organisering av barnehagen i Kvam	

Saksopplysningar:

Vurderingar føreteke tidlegare i saka kan de finna i dokumentet: Høring- Framtidas organisering av barnehagen i Kvam journalpostid.: 13/8310.

I høve til vurdering av mottekne innspel i samband med høyring av notat i saka, vert det her kort referert frå dei mottekne innspela. Komplette innspel føreligg som brev på arkivsaka og kan lesast derifrå.

Borghild Storaas Ones – heradsstyrerepresentant AP

Meiner det er positivt å samla det kommunale barnehagetilbodet i Norheimsund i ein barnehage, men at den kommunale barnehagen i Norheimsund bør liggja sentralt.

«Med små sentrum, som me opererer med, er det god latin å leggja fellesaktivitetar, både offentlege og private, så tett og sentrumsnært som mogeleg. Det tilseier sentrumsnær plassering av også den kommunale barnehagen.»

Ho meiner at Norheimsund barnehage har eit godt tilbod av uteaktivitetar, mange bustadfelt som soknar til barnehagen står ovanfor eit generasjonsskifte og at vegen til Tolomarka er overbelasta allereie no.

Rådmannen si vurdering

Innspel som gjeld lokalisering av barnehage i Norheimsund vert vurdert seinare i dokumentet.

SU ved Tolomarka barnehage

I fylgje Lov om barnehager har kommunen « plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser». SU meiner det er viktig at kommunen har styring med barnehagedrifta, og at det er eit kommunalt ansvar å driva gode barnehagar.

Me ser nokre utfordringar for Tolomarka bhg. ved alternativ 1:

Det handlar om at dagens veg frå Norheimsund og opp til Tolomarka treng utbetring for å tåla auke i trafikken, og barnehagen vil få bruk for fleire parkeringsplassar enn det me har i dag. Det handlar også om at to barnehagar vert nedlagt og to styrarar misser jobben når to barnehagar i Øystese og to i Norheimsund skal slåast saman. Erfaring viser at dette er krevande prosessar for dei det gjeld.

SU i Tolomarka støttar rådmannen i at alternativ 1 er det beste forslaget. Då kan me oppretthalda ein barnehagestruktur som er lik dagens skulestruktur med dei fordelane det fører med seg.

Rådmannen si vurdering

Innspel som gjeld lokalisering av barnehage i Norheimsund vert vurdert seinare i dokumentet.

Rådmannen er einig i at endring i struktur kan vera krevjande, men i alle alternativ er det lagt opp til at det vil bli endringar. Endringsprosessane skal fylgja regelverket for slike endringar.

FAU ved Norheimsund Barnehage

Me viser til tilsendt notat frå rådmannen vedrørande framtidens organisering av barnehagene i Kvam. Sjølv om me er svært nøgde med barnehagen vår slik den er per dags dato, både når det gjeld lokale og størrelse, ser me at det er nødvendig å endra drifta av barnehagene i Kvam Herad. Me er innforståtte med at kostnadane må ned, og at det derfor må byggjast større barnehager som kan drivast meir kostnadseffektivt.

Av alternativa som framgår av notatet ser me det som positivt at rådmannen ynskjer alternativ 1, slik at Kvam Herad fortsatt vert eigar av dei aller fleste barnehagene i kommunen.

Når det gjeld plassering av den kommunale barnehagen i Norheimsund er me sterkt ueinige i forslaget om at Norheimsund barnehage skal leggjast ned, og at den kommunale barnehagen skal plasserast i Tolomarka. Som me kjem nærmare inn på nedenfor er det fleire grunnar til at me ikkje ynskjer denne plasseringa. Det er ikkje berre som foreldre til born som går i Norheimsund barnehage me reagerer på at barnehagen er foreslått nedlagt, men også som innbyggjarar i Kvam Herad meiner me på generelt grunnlag at ein kommunal barnehage i Norheimsund må plasserast mest mogeleg sentralt.

Det har tidligare vore vurdert å utvida Norheimsund barnehage, og slått fast at det vil vera mulig å utvida barnehagen. Slik me ser det vil det vera både i foreldra og kommunen si

Om ein vel å satsa på kommunal barnehage i Tolomarka, bed me om at politikarane vel alternativ 2, med delvis privatisering av barnehagene i Kvam. Dette fordi me meiner det er eit sterkt behov for to sentrumsnære barnehager i Norheimsund.

Sjølv om med i utgangspunktet ser det slik at det er ein fordel at Kvam Herad sjølv eig barnehagene i kommunen, er det ikkje tvil om at Trygge Barnehager driv barnehager med god kvalitet. Om kommunen sjølv ikkje ser seg råd til å driva ein sentrumsnær barnehage i Norheimsund, vil privatisering av barnehagen vera ei god løysing, både for vår barnehage og for barnehagene i Tørvikbygd og Strandebarm, sjølv om kommunen då ikkje får den styringsretten over barnehagene som ein har som eigar.

Vidare i innspelet trekkjer FAU fram fleire moment som avgjerande for å satsa på ei utviding av Norheimsund barnehage i staden for Tolomarka barnehage. Argumenta er:

- Tilkomst
- Nærleik til sentrum
- Nærleik til skule og Sandven FUS barnehage
- Nærleik til skog og sjø
- Gode moglegheiter for utbygging
- Utbygging nær sentrum er god samfunnsutvikling

Rådmannen si vurdering

Innspel som gjeld lokalisering av barnehage i Norheimsund vert vurdert seinare i dokumentet.

Randi Håland, mor ved Norheimsund barnehage

Håland skriv at

- barnehagen har ei viktig rolle for barna si danning
- barnehagestrukturen bør ta omsyn til at logistikk mellom heim, barnehage og arbeidsstad kan vera avgjerande for om folk vel å busetja seg i Kvam
- i vedtak om utviding om utviding av Tolomarka bør det stillast krav om utbetring av veg
- Norheimsund barnehage har over lang tid bygd opp eit godt arbeidsmiljø som er eit godt fundament for vidare drift

Rådmannen si vurdering

Innspelet er teke til etterretning.

Trygge barnehagar AS

Vi etterlyser en grundigere analyse av de økonomiske og gjennomføringsmessige konsekvensene av alternativene.

Vi vil hevde at mht økonomi og gjennomføringstid vil alternativ 2 (privatisering i del av heradet) være bedre, mens kvaliteten i de berørte barnehagene vil bli likeverdig og god uansett hvilket alternativ som velges

Vi mener at konklusjonen om å satse utelukkende på kommunal drift i de nye barnehagene i for stor grad begrunnes i å sikre kommunal styring og unngå at kommunale arbeidsplasser byttes til private.

Eksempelvis vil en privat barnehage med 70 barn og et lån på 25 mill. kr motta $70 \times 7500 \text{ kr} = 525\,000 \text{ kr}$ per år i tilskudd fra heradet til dekning av kapitalkostnader.

De faktiske kapitalkostnadene basert på 30 års nedbetaling og 3 % rente vil være nær 1,6 mill. kr. Disse kostnadene må dekkes inn fullt ut i en leiepris ved OPS løsning (i tillegg til påslaget som utleieren vil beregne seg). Det betyr at heradet vil spare 2/3 av kapitalkostnadene, dvs. ca. 1 mill kroner per år ved å gi kapitaltilskudd til en privat barnehage fremfor å leie bygget for å drifte kommunalt. Tar vi med påslaget som utleier vil beregne seg, kan besparelsen bli nærmere 3/4 av kapitalkostnadene.

Gjennomføringstid

Ved å velge alternativ 2 vil vi hevde at gjennomføringen av de foreslåtte strukturtiltak vil gå langt raskere. Av flere årsaker:

Dersom valget likevel lander på alternativ 1, mener vi at barna i Norheimsund barnehage vil være bedre tjent med å få plass i en utvidet Sandven FUS barnehage (de ansatte vil i så fall tilbys jobb i Sandven FUS barnehage) fremfor å måtte flyttes til den andre siden av Norheimsund til en utvidet Tolomarka barnehage. Sistnevnte barnehage vil likevel oppnå en god driftsstørrelse som følge av den planlagte boligutbyggingen der.

Rådmannen si vurdering

Innspel som gjeld lokalisering av barnehage i Norheimsund, privatisering vs kommunal drift og gjennomføring vert vurdert seinare i dokumentet.

Øystese Idrettslag

I desse økonomiske innsparingstider og i diskusjonen om kvar barnehagen i Øystese skal vera, har ØIL fylgjande innspel. Området ved Rødekorshuset og Sjødnahaugen er etter ØIL sitt syn eit meir eigna område for ein "ny" barnehage enn Busdalen.

Argumenta for dette er;

- Området er sentrumsnært.
- Det er ikkje gjennomgangstrafikk.
- Det er eit lett tilgjengeleg område.
- Det er gangavstand for små til idrettsplass og hall.
- Det trengst ikkje nybygg og ein får *tid* til god drøfting og planlegging for ev. *nybygg*.
- Her er kort gåavstand og på fortaug til sjø/fjører/skog.
- Området mot Ungdomsskulen er lite trafikkert og kan nyttast av dei minste.

Rådmannen si vurdering

Innspelet vert teke til etterretning.

Utdanningsforbundet i Kvam

«Utdanningsforbundet er som kjent mot å privatisera kommunale barnehagar, me er difor svært glade for at rådmannen tilrår å halda fram med kommunal drift av barnehagane i Kvam.

Utdanningsforbundet har stor tru på at dei kommunale barnehagane er konkurransedyktige med dei private, dersom ein får nye barnehagebygg som er betre tilpassa effektiv drift.

Utdanningsforbundet er samde med rådmannen i at kvalitet er det målekriteriet som skal brukast i barnehagane i Kvam.

Kvalitet i barnehagen har vore det viktigaste tema i sentrale offentlege beslutningsdokument dei seinare åra. Jamfør st.meld nr. 41 "Kvalitet i barnehagen" og NOU 2012:1 "Til barns beste".

Det er difor gledeleg at rådmannen held fast på kvalitetsfokuset og ynskjer barnehagar med tilfredsstillande bemanning, slik at borna får gode pedagogiske tilbod.»

Rådmannen si vurdering

Innspel som gjeld privatisering vs kommunal drift vert vurdert seinare i dokumentet.

SU i Bjørketeigen barnehage

«SU ved Bjørketeigen barnehage synest det er positivt at Rådmannen ynskjer å fortsetta å ha kommunal drift på barnehagane. Det at han framhevar at kvalitet er viktig er positive signal.

Foreldre og personal på Bjørketeigen meiner at både den trafikale situasjonen og uteområdet ved Bjørketeigen ikkje ligg til rette for ein utviding med fleire barn her oppe, og set stor pris på Rådmannen sitt forslag om ein sentrumsnær barnehage. Dette og med tanke på alle som ikkje har bil og bur eit stykke unna. Dette er og innspel som leiar i SU har fått frå andre småbarnsforeldre.

Det er bra at det kjem ein avklaring på situasjonen til barnehagane i Kvam, og ved ei vidare kommunal drift, høyrer ein og på dei ansatte i dei kommunale barnehagane. Ved å byggje eigna bygg vil nok kostnadane gå ned ved å kunna drive meir effektivt og dra nytte av stordriftsfordelar.»

Rådmannen si vurdering
Innspelet er teke til etterretning.

Tørvikbygd barnehage og Tørvikbygd grendautval

Me vil be Kvam heradsstyre følgja Rådmannen si innstilling, og gå inn for alternativ 1.
Vert det ikkje fleirtal for dette aksepterer me også alternativ 2.
Som me har sagt tidlegare, er det viktigaste for oss , at det framleis vert barnehage i bygda!

- Nært samarbeid med skulen vil verta lettast å gjennomføra med kommunalt driven barnehage
- Rådmannen føreslår **«nysjebarnehage»** i innstillinga si. Tørvikbygd har ved fleire høve vist at dei kan gå saman om utfordrande prosjekt. Dette er ei utfordring me saman vil gå inn for. Dei tilsette i barnehagen, saman med store deler av bygda, vil arbeida for å koma i posisjonen «best på barnehage»!
- I innstillinga vert det opna for at **privat aktør kan stå for byggjing** av huset og at heradet leiger. Me er redd for at dette vil føra til utsett anleggsstart. Som heradet kjenner til er leigecavtalen med bedehuset avhengig av snarleg vedtak.

Rådmannen si vurdering
Rådmannen er glad for at Tørvikbygd ynskjer å bli «best på barnehage» og tek utfordringa. Rådmannen tek til etterretning at tilsette og grendautval er open for alternativet privat drift, men lunkn til privatisering av berre bygget.

Strandebarm grendautval

Innspelet konsentrerer seg om val av lokalisering av nye Strandebarm barnehage:

Lokaliseringa er i dag den einaste reelle utanom dagens plassering, og er godt eigna til føremålet. Området er allereie regulert til føremålet, og infrastruktur i området ligg til rette. Det vert enkelt for foreldre ved at småborn og skuleborn kan leverast/hentast same staden. Eit slikt oppvekstsenter legg til rette for eit godt og nært samarbeid mellom skule og barnehage.

I lys av at dette er ein barnehage på landsbygda gjev den utpeika tomta lite rom for leik i naturen, med ei naturleg utvikling av motorikken. Med ei heilt flat tomt utan vegetasjon føreset vi at det straks vert planta klatretre, og at egna apparat, ikkje berre standard huske, sklie, osv., vert med i investeringsbeløpet og planlegging frå starten.

Rådmannen si vurdering

Innspelet vert teke til etterretning. Rådmannen støttar meininga knytt til uteområdet og vil ta høgd for dette i prosjekteringa.

SU i Strandebarm barnehage

Samarbeidsutvalet i Strandebarm barnehage støttar rådmannen sitt framlegg om at **alternativ 1 er den beste løysinga** for organisering av barnehagane i Kvam.

Når det gjeld bygging av ny barnehage ved Strandebarm skule har SU følgjande innspel:

- Personalet og SU vil vera med på heile prosessen med planlegging og utforming av barnehagen, både inne og uteområde, frå fyrste planmøte.
- SU vil ha ein barnehage med fokus på kvalitet for barn og tilsette. Me ynskjer ikkje ein basebarnehage, men ein fleksibel og funksjonell avdelingsbarnehage med gode høve når det gjeld lys, lyd, luft, varme og demping i golv.
- Barnehagen vil ha eige uteområde som er skjerma frå skulen. Og at bygget blir plassert på tomta med tanke på skjerming av uteleikeplass.
- SU er positiv til felles bruk av for eksempel bibliotek, idrettshall, skog og ballbinge.

Rådmannen si vurdering

Innspelet vert teke til etterretning. Representantar for mellom anna brukarar og tilsette skal involverast i prosjekteringa av barnehagen.

Tilsette ved Oma barnehage

- Me ser positivt til å fortsetja med kommunal drift.
- Me set spørsmål ved plassering av barnehagen i tilknytning til Strandebarm skule. Her går elevane 10 år på skule, me meiner at det er pedagogisk best med eit miljøskifte. Blir borna fortare skulelei når dei skal være på samme plassen dei første 16 åra sine??
Det blir vanskeligare å halde på barnehagens identitet.
- Oma barnehage er nedlagt og driv ikkje i eigne lokale i dag. Me ynskjer ein tidsplan med i saksframstillinga, «snarast» er altfor upresist.
- Ved skulen i strandebarm er det så vidt vi veit ikkje regulert til barnehage.
- Oma skule med uteområde er eigd av Kvam Herad og regulert for skule/barnehage. Dette bør være med i vurderinga av ny bhg for Strandebarm/ Oma.
- I høyringa som er sendt ut til utvalte interessenter, er det uttrykt at det er viktig å ha ein barnehage i Strandebarm.

Rådmannen si vurdering

Valet av lokalisering nær Strandebarm skule er gjort etter tidlegare innspel i saka. Området er regulert til offentlig føremål og er tilrettelagt med nødvendig infrastruktur. Rådmannen seier seg delvis einig i at 16 år i same område kan virka lenge, men barnehagen sitt uteområde vil ikkje verta felles med skulen sitt uteområde. Nærområdet der den nye barnehagen skal byggjast inneheld mange spanande moglegheiter for born i alle aldrar.

Val av barnehage nær skulen i Strandebarm støttar under prinsippet om felles skule og barnehagestruktur.

SU ved Øystese barnehage

Me i SU er einige med rådmannen i at hovudmålet for framtida, er at borna i Kvam skal ha eit godt tilbod i barnehagen.

I oppsummeringa er me sjølv sagt einige med rådmannen om at barnehagane skal ha tilfredstillande bemanning.

Begge desse punkta er viktige for vidare kvalitetsmål.

Når det gjeld modell for framtidas barnehage støttar me val 1, der barnehagane i Kvam skal ha kommunal drift.

Fykse - og Øystese barnehage vert lokalisert på tomta til "gamle"

Sjydnahaugen og Rødekorshuset, og bygda får soleis ein sentrumsnær barnehage.

Rådmannen si vurdering

Innspelet vert teke til etterretning.

SU ved Fykse barnehage

- 1) Vi er fortsatt usikre på i hvilken grad man får ned kostnadene med de investeringene det innebærer å bygge nytt. Det er ikke dokumentert at kostnadene faktisk vil gå ned, bedre dokumentasjon var noe vi forventet på dette nivået i prosessen.
- 5) Det er gjort greie for tilskuddsordningene til private barnehager, men det er lite belyst hvor store investeringer som trengs for å realisere de ulike alternativene. Det er derfor vanskelig å sette det ene alternativet foran det andre før man vet hva man får ut i form av kvalitet sett i forhold til investeringsbehov. Dokumentet inneholder imidlertid flere grafer som gir liten mening uten at de viser til beregningsgrunnlaget.

Det er gledelig at rådmannen vil satse på «nisjebarnhage med eit tilbod som er så unikt at barnehagen tiltrekker seg born utanfor det naturlege inntaksområdet». På Fykse har vi en slik barnehage i dag, fortsatt med venteliste og barn utenfor det naturlige inntaksområdet. Vi holder til i et egnet nedbetalt bygg med lav husleie, bygd for å være barnehage. Dugnadsinnsatsen og –viljen er stor både på bygget og det unike uteområdet som barnehagen disponerer. Med Tørvikbygd som eksempel, er det grunn til å revurdere nedleggingsvedtaket for Fykse barnehage. Levende bygder er et viktig kriterium for tilbakeflytting og dermed økt folketall i Kvam.

- 4) Det er en svakhet for dokumentet at det ikke er en tverrfaglig gruppe som har utarbeidet det. Vi går utifra at dette videre i prosessen blir ivaretatt.

Rådmannen si vurdering

Innspel knytt til økonomi vert vurdert seinare i dokumentet.

Heradsstyret fatta vedtak om nedlegging av Fykse barnehage i juni 2012. Budsjett og tertialrapportar dei siste åra har drøfta og vurdert behov for endringar i Kvam herad. Notatet om barnehageorganisering understøttar at det må skje endringar på struktur dersom dei økonomiske rammene til barnehage skal kunna nyttast til kvalitet. Fykse og Tørvikbygd kan ikkje samanliknast. Folketalet er i Tørvikbygd er nesten 3 gongar høgare enn på Fykse, og heradsstyret har tidlegare vedteke ein skulestruktur der Tørvikbygd skule er oppretthalden.

SU ved Fykse barnehage meiner det er ein svakheit at det ikkje er ei tverrfagleg gruppe som har jobba med notatet. Sjølv om notatet er signert av rådmannen er det som i det meste av rådmannen sitt arbeid mange som har bidrege i arbeidet. Rådmannen er nøgd med den tverrfaglege kompetansen som står bak utgreiingane.

- ***Utvida saksopplysningar og vurderingar om økonomi***

Utgiftene til barnehage er delt i 3 kostrafunksjonar:


201 – Førskule

211 – Styrka tilbod til førskuleborn

221 – Førskulelokale og skyss

I 2012 var bruttoutgiftene til 201 - førskule (inkl. utgifter til sjukeløn o.l.) på vel 61 mill.kr, til 211 (styrka tilbod) på 6 mill.kr og til 211 (lokale) i underkant av 5 mill.kr. Funksjon 211 inngår ikkje i det generelle grunnlaget for tilskot til private barnehagar, men vert gjeve som spesifikt tilskot. Det er kommunen som må betala for denne tenesta, uavhengig av om barnehagen er privat eller kommunal.


Utgiftene i funksjon 201 fordeler seg på følgjande måte:



Driftsmidlar utgjer berre 4%, medan tilskotet til private er på om lag 10,5 mill.kr (17%). Det vil seia at Løn og sosiale utgifter utgjer om lag 79%, fordelt på lønsumgiftene på 58% (ca 36

mill.kr inkl. sjukeløn) og sosiale utgiftene (pensjon og arbeidsgjevaravgift) på 20% (ca 12,5 mill.kr).

Brutto inntekter for funksjon 201 er på 12,5 mill.kr, og fordeler seg på følgjande måte:




Foreldrebetaling er største inntekta med 7,4 mill.kr, eller nesten 60%. Sal av mat kjem i tillegg på 8% (1 mill.kr). Refusjon på løn (sjukeløn og fødselspermisjon) er den nest største posten på ca 30% (3,6 mill.kr).

Netto for funksjon 201 er i underkant av 49 mill.kr. Etter at det vart fastsett maksimalpris for foreldrebetalinga, vart rammetilskotet frå staten auka. Utgifter til barnehagesektoren skal elles i prinsippet dekkast av det generelle rammetilskotet.

Saman med funksjon 211 og 221, er barnehage 3. største tenesteområdet til kommunen (etter PLO og grunnskule), og utgjer om lag 10% av dei ulike KOSTRA-tema iflg. årsmeldinga for 2012.

For funksjon 211 er driftsmidlane på 0,16 mill.kr (3%), resten av dei 6 mill.kr er løn- og sosiale utgifter. Refusjonsinntektene er på 1,3 mill.kr, dvs. at netto driftsutgifter for funksjon 211 er på 4,7 mill.kr.

Dei 5 mill.kr Kvam herad brukte på lokale i 2012 fordelte seg på følgjande måte:



Løn til reinhald og vedlikehald utgjer 35%, 48% inkl. sosiale utgifter (2,4 mill.kr). Refusjonsinntektene er på 0,2 mill.kr, dvs. netto lønsutgifter vert 2,2 mill.kr. Driftsmidler 1,8 mill.kr (36%). Avskrivningane var på 0,8 mill.kr (16%). I driftsrekneskapet vert avskrivningane trekt ut før netto driftsresultat, og rente og avdrag lagt til. Rente/avdrag vert ført på funksjon 870, og ikkje på den enkelte funksjon som er finansiert.

Kostnadsdrivarar

Oppsummert for KOSTRA-tema Barnehage, utgjer funksjon 201 ein netto på 49 mill.kr, eller 84%. Netto styrka tilbod (211) var på 4,8 mill.kr og lokale (221) 4,7 mill.kr. Av funksjon 201 utgjer netto løn og sosiale utgifter i overkant av 44 mill.kr, eller over 90%.


Når ein skal vurderer kostnadsnivået i barnehage, er difor personalutgiftene i funksjon 201, det sentrale.

Personalutgiftene har 3 hovudelement: Styrarressurs, pedagogisk leiar og assistentar. Når ein samanliknar barnehagar i KOSTRA, og lagar grunnlaget for utbetaling av tilskot, reknar ein utgiftene pr. eining. Det er difor fokuset i gjennomgangen nedanfor.

Styrarressurs.

Barnehagelova stiller krav om at kvar barnehage skal ha ein styrar. Me reknar om lag 0,67 mill.kr i personalutgifter pr. årsverk. Pr. i dag er det ikkje 100% styrarressurs i alle barnehagar, då dei aller minste har 60%. Færre barnehagar gjev færre styrarar og dermed lågare kostnad pr barn og dermed også lågare totalkostnad. I ein barnehage med 60 einingar vert styrarressursen kr 11.200 pr eining.


Tabellen under viser styrarkostnaden pr barn.



Pedagogisk leiar

Barnehagelova stiller og krav om ein pedagogisk leiar pr 18 einingar (18 store eller 9 små born). Det betyr at for kvar 19 eining skal det tilsetjast ein ny pedagogisk leiar. I barnehagar er ofte borna delt opp i avdelingar ut frå krav til pedagogisk leiar, dvs. 18 einingar. Barnehagar kan få dispensasjon for kravet til å tilsetja ny pedagogisk leiar på inntil 2 einingar.

Tabellen under viser at kostnaden per eining vert mindre og mindre påverka for variasjonar i talet barn desto større barnehagen er.



1 pedagogisk leiar er noko høgare løna enn ein assistent og lågare enn styraren, men løna varierer ut frå ansiennitet. Dersom me legg til grunn ein pris pr. årsverk på kr 600.000 inkl. sosiale utgifter, vert t.d. prisen for 18 einingar kr 33.333, og kr 66.666 dersom berre har halvparten så mange einingar.

Assistentar

I tillegg til pedagogisk leiar, vert det tilsett assistentar. Det har vore praksis i Kvam med 3 tilsette pr. 18 einingar, men dette er ikkje regulert i lovverket som for styrar og pedagogisk leiar. Dette gjev skilnader i kostnaden pr. born mellom private og kommunale aktørar, mellom kommunar og mellom barnehagar. I tillegg til skilnad mellom bruk av tal vaksne pr. born, er det skilnad på når eit born vert rekna som 3 år. Nokre reknar 1 eining pr born etter at det har fylt 2 år, medan andre til dei har fylt 3. Kvam herad nyttar 2,5 år som skilje.

Dersom ein fylgjer ein norm med 3 tilsette for 18 einingar, skal det altså tilsetjast 2 assistentar i tillegg til pedagogisk leiar pr. avdeling. Løna varier for assistentar òg, men me reknar kr 500.000 pr. årsverk inkl. personalutgifter. Mange av assistentstillingane er deltidsstillingar, og stillingsprosentane vert tilpassa barnetalet. Ei avdeling med 2 assistentar vil gje ein kostnad på kr 55.555 pr. eining.

Oppsummert for hovudelementa i funksjon 201, kan ein slutta at det er vesentleg å fylla opp ein avdeling med 18 einingar for å få lågast mogeleg kostnad pr. eining. Ut frå styrarressurs, vert kostnaden lågare pr. eining ved å redusera talet på barnehagar.

Barnetal og einingar pr. 31.12.12:

Tekst	Norheimsund	Tolomarka	Øystese	Bjørketeigen	Fykse	Ålvik	Tørvikbygd	Strandebarm	Oma	Sum
Barn 0-2 år	11	17	11	50	8	10	13	10	4	134
Barn 3-6 år	22	28	26	50	12	25	22	24	12	221
Barn	33	45	37	100	20	35	35	34	16	355
Einingar										
Barn 0-2 år	20	28	19	86	14	16	22	18	6	229
Barn 3-6 år	22	28	26	48	11	25	21	23	12	215
Sum einingar	41	56	45	133	26	41	43	41	18	444

Kvam herad har i dag 9 barnehagar. Pr. i dag er det berre Bjørketeigen som har 7-8 avdelingar. Fykse og Oma har 1-2 avdelingar. Dei resterande 6 barnehagane har 3-4.


Med nedlegging av Fykse og Oma, og rådmannen sitt alternativ 1 med samanslåing av Norheimsund/Tolomarka, og organisatorisk ein barnehage Øystese/Bjørketeigen, vert det til saman 5 barnehagar, fordelt på 6 lokalitetar. 2 av lokalitetane får 7-8 avdelingar, 2 får 4 avdelingar, og 2 får 3 avdelingar. I tillegg kjem den private barnehagen i Norheimsund.

Bygningskostnader

Driftskostnader til bygg består av forvaltning, drift og vedlikehald av bygget som husar barnehagen. Døme på slike kostnader vil vera materialkostnader, teknisk utstyr, vedlikehald, straum, forsikring, husleige eller renter og avdrag, reinhald og administrasjonsutgifter. Ein del av desse utgiftene er uavhengige av størrelsen på bygget, medan andre er proporsjonale med størrelsen. Kostnaden pr kvadratmeter er høgast i byrjinga og deretter svakt fallande. Barnehagelova stiller krav til tal kvadratmeter pr. barn. Pr. eining 0-2 år skal det vera 5,3 m², og 4 m² pr. eining for barn 3-6 år. Sentralisering og samanslåing får likevel effekt ved bygging av større og færre bygg, då ein del fellesareal (gang, toalett, lager) kan fordelast på

fleire barn i slike barnehagar. Også når det gjeld nybygg er byggkostnaden per barn er lågare desto fleire barn ein byggjer til fordi prosjektet vil ha ein del felleskostnader som prosjektering, byggjeleiing som i liten grad varierer med størrelsen på bygget.

Ei kurve som viser byggkostnad pr barn er vist under. Også den viser at gjennomsnittskostnaden pr barn er fallande desto større bygget er.



Investeringane i barnehage har auka dei seinare åra, med Bjørketeigenprosjektet og Ålvik barnehage. Bjørketeigen vert avskriva med om lag 0,5 mill.kr pr. år, medan Ålvik ikkje startar avskriving før i 2013. I tillegg ligg det inne avskriving på Tolomarka barnehage med 0,15 mill.kr, Norheimsund med 0,05 mill.kr og Strandebarm med 0,08 mill.kr.

Investering i barnehagar skal avskrivas over 40 år, og avdragsutgiftene vert i utgangspunktet tilsvarende dersom alt er lånefinansiert. Sal av kommunale bygg/eigedomar som del av finansiering av barnehagebygga, må vurderast. I tillegg kjem renteutgiftene.

Tilskotssystem

Kostnadene til barnehagar totalt sett for kommunen byggjer på fordeling av barnehagedekninga mellom private og kommunale barnehagar. I ei slik vurdering vil tilskotssystemet i høve private barnehagar vere sentralt. Utgiftene kommunen har til private barnehagar blir fastsett av tilskotsplikta. Denne tilskotsplikta er uavhengig av dei rekneskapsførde kostnadene i dei private barnehagane. Tilskotet til private barnehage tilbydarar består av to ulike delar: eit driftstilskot og eit kapitaltilskot.

Kommunen må gje driftstilskot basert på gjennomsnittlege budsjetterte driftskostnader pr. heiltidsplass i tilsvarende kommunale barnehagar. Kommunale barnehagar med budsjetterte driftskostnader som er minimum 25 % høgare enn gjennomsnittlege budsjetterte driftskostnader i tilsvarende kommunale barnehagar kan haldast utanfor grunnlaget for

berekninga. Kommunen skal gje eit påslag for administrasjonskostnader på 4% av gjennomsnittlege budsjetterte driftskostnader i tilsvarande kommunale barnehagar. Dersom kommunen berre har private barnehagar, skal nasjonale satsar leggjast til grunn.

Etter gjeldande regelverk får dei private barnehagane berre 94 prosent (frå 1.8.2013) av den offentlege finansieringa av dei kommunale plassane. Denne delen skal likevel trappast opp til 100 prosent frå 2014.

Kommunen må òg gje tilskot til kapitalkostnader i godkjente ikkje-kommunale barnehagar pr. heiltidsplass. Kommunen vel om den vil gje tilskotet ut i frå gjennomsnittlege kapitalkostnader pr. heiltidsplass i eigne tilsvarande kommunale barnehagar, eller om den vil nytte nasjonale gjennomsnittssatsar for kapitaltilskot fastsett av departementet. Den nasjonale satsen for kapitaltilskot i 2013 er på 7 500 kroner pr. plass/ eining. Kvam herad nyttar den nasjonale satsen.

Kostnadsvariasjonane er store mellom dei kommunale barnehagane i Kvam. Det er driftskostnadane til dei kommunale barnehagane som er avgjerande for tilskotet til dei private, og dermed totalkostnadene for kommunen. Ved noverande finansieringsmodellen vil kostnadsnivå i private barnehagar ikkje bety noko, bortsett frå som ein målestokk for dei kommunale barnehagane. For kommunen er det viktig å sørgje for at dei kommunale barnehagane er kostnadseffektive og gjev ei drift som kan samanliknast med ei eventuell privat drift.

- Kva kan gjerast for å redusere utgiftene utan privatisering?

Det er nødvendig å samanlikne dagens kostnadsnivå med andre kommunar og standard i bransjen for å sjå om det er noko som kan gjerast betre. Kommunen kan i prinsippet drive barnehagar på nøyaktig same måte som private. Det er dei same lover og regler som gjeld for alle. Kostnadene pr. opphaldstime varierer enormt mellom norske kommunar. Kommunen bør freiste å organisere sektoren på ein slik måte at kostnader per opphaldstime i kommunale barnehagar er på linje med, eller betre enn det som no er tilfelle for private barnehagar.

Ved ei eventuell bygging av nye kommunale barnehagar er det viktig å vurdere om den nye barnehagen vil trekkje kostnaden pr. opphaldstime opp eller ned. Trur me at nye barnehagar kan drivast meir effektivt enn gamle barnehagar, kan kommunen redusere sine gjennomsnittlege kostnader pr. opphaldstime. Om barnehagen i staden blir driven privat, vil alle private barnehagar, også dei nye, motta tilskot ut frå drifta som er i dei gjenverande kommunale barnehagane (dyrare).

Nybygde barnehagar gjev rom for meir effektiv drift, betre utnytting av personalressursen og større fleksibilitet i kvardagen. Kommunen vil få auka kapitalkostnader som følgje av bygging av ein ny kommunal barnehage, men så lenge kapitaltilskotet er basert på nasjonale satsar vil ikkje dette påvirke tilskotet til private barnehagar.

Dersom me driv små kommunale barnehagar med få plassar, fører det til at dei kommunale kostnadene pr. plass er meir sårbare for endringar i barnetalet og dette kan gje auka kostnad. Større barnehagar med rom for meir fleksibilitet er meir robuste og kostnadsnivået vert ikkje

påverka i så stor grad av endringar i til dømes barnetal. Dette gjev oss moglegheit for å sjå drifta i eit lengre perspektiv og kostnadsnivået kan planleggjast jamnare over tid. Me vil kunna redusere overføringane til private ved å kutte i eigne kostnader, men kommunen vil ikkje ha direkte kontroll over bruken av barnehagetilskot til private.

Det er vanskeleg å finne eit svar med to strekar under på kva det kostar å drive kvar enkelt barnehage. Alderssamansetninga på borna og tal born gjer at dette varierer frå år til år. Ansiennitet, utdanning og sjukefråvær på dei tilsette vil og variere frå barnehage til barnehage og kanskje frå år til år.

Det me veit er at det er billegare å drive ein stor barnehage i tilpassa bygg enn det er å drive små barnehagar i bygg som ikkje eignar seg.

Med rekneskapstal frå 2012 og barnetal frå årsmelding 2012 ser me at kostnaden per barn er ca. 20% lågare i den største kommunale barnehagen enn i ein 2-3 avdelingsbarnehage med lite tilpassa bygg.


Som gjennomgått tidlegare, er det personalutgifter til pedagogisk leiar og assistentar som utgjer hovudelementet i driftskostnadane til barnehagar. Denne vert fordelt på einingar korrigert for opphaldstid.

- I barnehagar med færre einingar å dela utgiftene gjer skilnader i lønsutgiftene større utslag.
- Dess lågare tal einingar pr. pedagog, dess høgare utgifter pr. eining.
- Dess mindre barnehagen er, dess større kan variasjonen i utgiftene pr. eining vera.

I 2012 var kostnaden for funksjon 201 i under kr 78.000 pr. eining for Bjørketeigen barnehage medan Øystese barnehage hadde ein einingspris på over 96.000. Dersom alle einingane kunne drivast på same kostnadsnivå som Bjørketeigen, har kommunen ei teoretisk innsparing på nær 4 mill.kr. Nivået i Ålvik var noko høgare i 2012 (over kr 83.000 pr. eining), og vil sjølv med endringane i budsjettet i 2013 ikkje bli redusert heilt til Bjørketeigen sitt nivå. Tørvikbygd låg over kr 94.000 i 2012, og bør kunne liggja på nivå med Ålvik. Det er derimot sannsynleg at ein felles barnehage i Norheimsund, ny felles barnehage for Øystese/Fykse og ny felles barnehage for Strandebarm/Oma vil kunne få eit kostnadsnivå som er nærare nivået i Bjørketeigen, dersom dei vert drivne optimalt.

Fleksibilitet

I ein større barnehage er det større rom for fleksibilitet enn i ein mindre barnehage. Dersom me har ni barnehagar som alle opnar kl. 07:00 må me ha ni personar som møter på jobb kl. 07:00. Dersom me har 5 barnehagar i kommunen treng me berre ha 5 personar som startar dagen kl. 07:00. Færre barnehagar gjer det lettare for styrarane å planlegga bemanning når barna er i barnehagen. Dersom ein av dei tilsette er sjuk i ein liten barnehage må det hentast inn vikar nesten uansett, medan i ein større barnehage kan styraren lettare vurdere behovet til dømes ut frå kor mange born som er sjuke eller borte og dagens aktivitetar. Det same vil gjelda i samband med haust-, vinter-, påske-, jule-, og sommarferie og inneklemte dagar. Grafen under freistar å visa at ein slik fleksibilitet vil gje oss fallande kostnadar pr. barn.



Det er viktig å merka seg at kostnadane ikkje er medrekna dei utgiftene kommunen har til ekstra ressursar knytt til born med særskilte behov. Desse kostnadane vil kommunen dekkje ut frå enkeltvedtak og vurderingar i barnehagane.

Rådmannen sine vurderingar av lokalisering av barnehage i Norheimsund

Lokalisering av ein samanslått kommunal barnehage har vore mykje drøfta i administrasjonen. I notatet som vart sendt ut på høyring føreslo rådmannen å lokalisera denne barnehagen i Tolomarka. Tilrådinga om samlokalisering var klar, men tilråding om lokalisering var under tvil fordi dagens lokalisering av både Norheimsund og Tolomarka barnehagar har positive sider. Valet fall på Tolomarka fordi dette er ein barnehage som med sin nærleik til naturen kanskje kan tilby noko heilt anna enn det den sentrumsnære Sandven Fus barnehage kan, slik at Norheimsund kan ha to ulike alternativ.

Innspela som er komne inn er svært eintydige på at også den samanslåtte barnehagen i Norheimsund bør leggjast nærare sentrum. Rådmannen vurderer argumenta som er komne inn som gode og meiner at innspelet til FAU ved Norheimsund barnehage er ei svært god oppsummering av argument som talar for ei lokalisering av også den andre barnehagen i Norheimsund i området der Norheimsund barnehage ligg i dag. Kanskje dei sterkaste argumenta som talar for å endra rådmannen sin innstilling er det som gjeld vegtilkomst, at svært mange byggjefelt som soknar til sentrum står framfor eit generasjonsskifte, nærleiken til skule og Sandven FUS barnehage og at utbygging nær sentrum er god samfunnsutvikling. Rådmannen vel difor basert på innspela å endra innstillinga si på dette punktet.

Kapasitetsbehov

Rett til plass i barnehage frå august gjeld for barn som fyller eitt år innan utgangen av august. Familiar med barn født 1. september eller seinare kan derfor måtte venta opp til 11 månadar etter at barnet er fylt eitt år.

I barnehagemeldinga som kom ut i 2013 varslar regjeringa at den på sikt vil innføre krav om 2 opptak i året, men sidan dette byr på mange praktiske utfordringar for kommunane vil det ta tid å innføre dette. Også fleire av opposisjonspartia på Stortinget går inn for 2 årlege opptak på sikt. Det er difor grunn til å tru at me må ta høgde for dette i planlegginga. Når barn som er født mellom 1. september og resten av året får rett til plass tidlegare betyr det at me treng høgare kapasitet.

Slik det er no nyttar om lag 90% av barna som har lovfesta rett til barnehageplass seg av denne retten. Talet har vore sterkt aukande, men har no stabilisert seg rundt 90%. Me bør likevel ta høgde for at litt fleire enn 90% kjem til å nytte seg av retten i framtida.

Fødselstala for dei ulike opptakskrinsane ser slik ut dei seinare år.

	Norheimsund	Øystese	Ålvik	Tørvikbygd	Strandebarm
2006	43	27	3	9	11
2007	41	39	12	9	14
2008	43	31	6	12	13
2009	35	27	7	5	14
2010	41	46	8	9	12
2011	32	33	2	3	7
2012	38	32	4	4	6
Gjennomsnitt	39	33,6	6,0	7,3	11,0
	195	168	30	36	55
Behov ved 95% dekning	185	159	29	35	52

På grunn av inn og utflytting kan det vera mindre avvik per kull per krins, men gjennomsnittstala bør vera nokonlunde korrekte.

Barnehagane bør dimensjonerast slik at det ikkje vil vera behov for utviding dei næraste åra. Det bør likevel ikkje byggjast med stor overkapasitet då det er fordyrande. Nybygg bør utformast slik at dei lett kan utvidast ved seinare høve.

Statistikken siste tiår viser at folketalsveksten i kommunen skjer sentralt. Eit vesentleg spørsmål då er kor stor overkapasitet me må ha i Norheimsund og Øystese for å dekkja behovet det neste tiåret. I KRD sin oversikt ser me at det er forventa ein vekst på 15% fram mot 2020. Ein bør difor dimensjonera for om lag 220 barn i Norheimsund og 190 barn i Øystese. Ålvik barnehage held fram slik den er. Tørvikbygd barnehage kan dimensjonerast for 40 barn og Strandebarm barnehage for inntil 60 barn.

Dimensjoneringa ovanfor gjev følgjande utbyggingsbehov:

Barnehage	Barn	Einingar	Areal barn	Adm. Areal*	Totalt areal	Byggjekostnad, MNOK
-----------	------	----------	------------	-------------	--------------	---------------------

Bjørketeigen 2/Øystese	90	120	542	108	651	23,4
Norheimsund	120	160	723	145	868	31,2
Tørvikbygd	40	60	271	54	325	11,7
Strandebarm	60	80	362	72	434	15,6
Sum	310	420	1898	380	2 278	82,0

*Adm.areal er lagt inn med 20%, men kan variera i høve til storleik.

Investeringane vil medføra følgjande auka utgifter i driftsrekneskapet:

Barnehage	Sum avdrag og rente MNOK*	Avskrivning - 40 år, MNOK
Bjørketeigen/Øystese	1,3	0,6
Norheimsund	1,7	0,8
Tørvikbygd	0,6	0,3
Strandebarm	0,8	0,4
Sum	4,4	2,1

*Reknestykket er basert på annuitetslån med der sum avdrag og lån er lik i heile nedbetalingsperioden.

Reknestykket ovanfor er bygd på følgjande føresetnader:

Kostnad per m2	36 000
Areal per eining 3-6 år	4,0 m2
Areal per eining 0-2	5,3 m2
Rentesats	3,5 %
Nedbetalingstid på lån	30 år
Areal administrasjon	20 %
Andel barn 3-6 år	60 %
Andel barn 0-2 år	40 %

Rentesatsen er basert på nivået på tilbodet for fastrenter for 5-8 år frå i dag. Nivået vil sjølvsagt endra seg i løpet av ein låneperiode på 30 år, men ser ut til å vera stabilt lågt enno ei tid. Korte lånerenter (3-6 mnd), ligg i dag under 2%.

Kommunar må betala minimum 3,5% i avdrag av lånegjelda. Investeringane forutset 100% lånefinansiering. Ev sal av eksisterande bygg/tomter kan gje reduserte lånekostnader.

Utrekningane er basert på ein standard byggjekostnad på kr 36.000 pr m2. Det er førebels ikkje laga forprosjekt for den enkelte barnehage, med unntak av i Tørvikbygd.

Bygging i privat regi vs kapitaltilskot til private barnehagar

Dei private barnehagane får utbetalt kapitaltilskot frå kommunen for å dekkja deira investeringsutgifter. Kvam herad har så langt nytta den nasjonale satsen for kapitaltilskot på 7 600 pr.

eining. Dersom Kvam herad skulle betala kapitaltilskot for tilsvarande utbygging i privat regi, hadde det sett slik ut:

Barnehage	Einingar	Kapitaltilskot MNOK
Bjørketeigen 2/Øystese	120	0,9
Norheimsund	160	1,2
Tørvikbygd	60	0,5
Strandebarm	80	0,6
Sum	420	3,2

Kapitaltilskotet auka nyleg frå kr 7 500 til 7 600. Ytterlegare auke er ikkje kjent, men sannsynleg. Investeringa skal nedbetalast over 30 år. Kapitaltilskotet varer «til evig tid». Kollonna for kapitaltilskot kan samanliknast med «sum rente og avdrag» i tabellen over.

Når utviklinga i kapitaltilskotet er ukjent, er det vanskeleg å vita skilnaden mellom eigen investering vs kapitaltilskot for heile perioden. For egne investeringar er det rentenivået som er den usikre faktoren ein ikkje kjenner for perioden. Men medan risikoen for auke i kapitaltilskotet veks utover i perioden, synk risikoen for egne investeringar saman med nivået i lånegjelda.

Ved utbygging i eigen regi sit kommunen med risikoen for at byggjekostnaden vert høgare, og det vil i så fall auka forskjellen mellom kommunal og privat drift dersom bygget vert dyrare enn det som er skissert her.

Ved ei kommunal utbygging vil Kvam herad sitja med drifts- og vedlikehaldsansvaret. Ein kan pårekna 2% av byggjekostnaden i årleg, forvaltning-, drift- og vedlikehaldskostnad. Kvam herad sine utgifter til FDV er med i grunnlaget for utrekning av driftstilskot til private barnehagar.

Barnehage	2 % avsetnad FDV, MNOK
Bjørketeigen/Øystese	0,47
Norheimsund	0,62
Tørvikbygd	0,23
Strandebarm	0,31
Sum	1,64

For å oppsummera viser tabellen under ei samanlikning av byggkostnadane ved kommunal utbygging og drift, eller privat utbygging og drift.

Barnehage	Avskrivning - 40 år, MNOK	Rente 3,5% MNOK	Kommunale kapitalkostnadar	Kapitaltilskot ved privatisering	Meirkostnad kommunal drift
Bjørketeigen/Øystese	0,6	0,8	1,4	0,9	0,5
Norheimsund	0,8	1,1	1,9	1,2	0,7
Tørvikbygd	0,3	0,4	0,7	0,5	0,2
Strandebarm	0,4	0,5	0,9	0,6	0,3
Sum	2,1	2,9	5,0	3,2	1,8

Ved å velja fortsatt kommunal drift i staden for privatisering vil meirkostnaden for byggkostnadane etter dagens regelverk, og føresetnadane vist i teksten over, vera om lag 1,8 millionar kroner.

Det kan vera fleire grunnar til at me kan velja å ta på oss denne meirkostnaden. For det fyrste kan me gjera det fordi me meiner at me gjennom strukturendringar og bygg tilpassa meir kostnadseffektiv drift vil oppnå reduserte driftskostnader som overstig denne meirkostnaden. Dersom me privatiserer alle barnehagane i tabellen over, vil me sitja att med at Ålvik barnehage dannar grunnlaget for utrekninga av det private driftstilskotet. Det vil medføra at me totalt sett vil koma mykje dårlegare ut fordi drifta i Ålvik er dyrare enn dei andre barnehagane i kommunen. Det er viktig at dersom me vel å privatisera fleire av barnehagane våre, så må kommunen driva vidare barnehagar som totalt sett klarar å trekkja ned gjennomsnittskostnadane våre.

Eit anna argument som kan nyttast for å ta denne meirkostnaden kan vera dersom ein av ideologisk eller prinsipiell karakter er i mot privatisering av kommunale tenester.

Eit tredje argument, som er det rådmannen nytta i notatet som var ute på høyring, er at dersom me vel fortsatt kommunal drift no, så kan me likevel velja privatisering ved eit seinare høve. Vel me å privatisera ein barnehage no, så kan ikkje Kvam herad på eit seinare høve «vedta» å gå tilbake til kommunal drift.

Samla vurdering

Dette er ei stor og kompleks sak, med store mengder informasjon som skal vurderast. Korleis den enkelte vel å vurdere og vektleggja dei ulike komponentane kan variera stort.

Rådmannen sendte tidlegare i mai eit notat ut på høyring. Notatet drøfta ulike val for organisering av barnehagesektoren i Kvam, då mest med omsyn til struktur og offentleg eller privat drift. Rådmannen fekk mange innspel i saka. I høve strukturval og lokalisering av nye barnehagar så var det i hovudsak stor semje med rådmannen sitt alternativ 1 i notatet, bortsett frå lokalisering av barnehagen i Norheimsund. Som diskutert over vel rådmannen å endra si innstilling når det gjeld det punktet.

Det er tilstanden på fleire av bygningane me driv barnehage i i dag som er ein av hovudårsakene til at me må byggja nytt. Den økonomiske stoda til heradet pressar fram strukturelle endringar. I barnehagesaka frå juni 2012 har me vedteke ein del kvalitetsmål. Rådmannen og heile barnehagesektoren ser no fram til å få lagt ein struktur og ei organisering som gjer at me igjen kan flytta fokuset over til å iverksetja tiltak for å nå måla.

Med færre organisatoriske einingar, og nye moderne bygg meiner rådmannen at dei kommunale barnehagane kan vera konkurransedyktige i høve private barnehagar både på kvalitet og kostnader. Bjørketeigen barnehage er eit godt eksempel på dette. Basert på rekneskapstala for 2012 ser me at den kommunale barnehagen (funksjon 201) kan drivast om lag 4 mill. billegare dersom alle dei kommunale barnehagane klarar å driva slik som Bjørketeigen.

Me har allereie valt privatisering av barnehagar i Kvam herad. Sidan Sandven Fus fekk oppstartsløyve har me på mange måtar gjort eit ideologisk val. Privatisering er også ufarleggjort gjennom at me har fått dokumentasjon på at både tilsette, barn og foreldre er nøgde med den private barnehagen i kommunen.

Me ser samstundes at ei privat utbygging og vidare drift av barnehagar kan gje ei ytterlegare innsparing på kapitalutgiftene. Dersom me vel å gå for meir privatisering er det viktig at me vel å privatisera dei «rette» barnehagane slik at Kvam herad kan «styra» driftstilskotet gjennom å sitja på store robuste barnehagar som skapar stabile kostnader for både den kommunale og den private barnehagen. Akkurat det siste er viktig, fordi dersom dei kommunale kostnadane vert så låge at dei

private barnehagane ikkje klarar å driva forsvarlege og gode barnehagar så er det til sjuande og sist Kvam herad, som barnehagemyndigheit, som sit med problemet.

Trygge barnehagar stiller i sitt innspel spørsmål ved om Kvam herad har nok økonomiske musklar og gjennomføringsevne til å gjennomføra løysingsforslaget i alternativ 1. Når det gjeld økonomi så ligg det inne rammer for kommunale utbyggingar i økonomiplanen, slik at det er teke høgd for denne belastninga. Rådmannen kan likevel støtta Trygge barnehagar sitt innspel i at dei som ein profesjonell utbygger av barnehagar nok klarar å gjennomføra utbygging raskare og med lågare risiko enn det Kvam herad klarar. Det finst uansett modellar med hovudentreprise eller OPS løysingar som kan utlikna mykje av forskjellen.

Alternativ framlegg til vedtak:

Dersom heradsstyret ynskjer å privatisera meir enn rådmannen sitt framlegg til vedtak, kan eit slik vedtak fremjast slik:

Kvam heradsstyre vedtek ny organisering av barnehagetenesta.

Kommunale barnehagar:

- 1 barnehage i Ålvik,
- 1 barnehage i Øystese, fordelt på to bygg i dagens Bjørketeigen barnehage og ny avdeling i området ved gamle Sjødnahaugen barnehage
- 1 barnehage i Strandebarm.

Privat barnehage:

- Sandven FUS
- 1 barnehage i Norheimsund sentrum i området ved Norheimsund barnehage
- 1 barnehage i Tørvikbygd

Endringa skal gjennomførast slik:

- Tørvikbygd barnehage vert lagt ned frå 1. august 2014. Trygge barnehagar overtek tilsette og barn frå 1. august 2014.
- Norheimsund og Tolomarka barnehagar vert lagt ned frå 1. august 2014. Trygge barnehagar overtek barn og tilsette i dei to barnehagane frå 1. august 2014 og kjøper eigedommen der Norheimsund barnehage driftar i dag.
- Ny barnehage i Øystese, Bjørketeigen 2, skal vera ferdig til å ta i bruk januar 2015. Det skal vera felles leing av Bjørketeigen og Bjørketeigen 2. Øystese barnehage vert lagt ned frå same dato. Fykse barnehage er nedlagt, jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Øystese.
- Ny barnehage i Strandebarm skal stå ferdig august 2015. Oma barnehage er nedlagt, jfr. vedtak juni 2012 og kan stengjast tidlegare dersom det er plass til borna i Strandebarm.

Rådmannen skal vurdera kva utbyggingsform som gjev best totaløkonomi for heradet. Kvart enkeltprosjekt skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.

Vurdering:

x